



Kinn kommune

Møteprotokoll

Utval: Gruppeleiarutvalet
Møtestad: Digitalt
Dato: 07.05.2026
Tid: Kl. 13:30 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Arlene Vågene	Kinn H
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Anita Eikevik	Kinn SP
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Jacob André Telvik Nødseth	Kinn V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt	Geir Oldeide	Kinn Rødt

Møtenotater:

Frå administrasjonen møte:

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør
Linda A. Myhre Larsen, stabsleiar Informasjon og service.

Drøfting:

Fleire politikarar vert innhabile i formannskapet når sak om parkering i Måløy skal handsamast. Dette gjeld bl anna repr. Djuvik, Brunsvik, Berg, Nesje og Eikevik. Gruppeleiarutvalet drøfte opplegg for korleis ein handterer dette i samband med handsaming av saken når den kjem til handsaming.

Måløy, 7. mai 2026

Frank Willy Pedersen Djuvik
Hovudutvalsleiar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
007/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
008/26	Godkjenning av møteprotokoll
009/26	Refererte skriv og meldingar
010/26	Endring av forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn

007/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Gruppeleiarutvalet 07.05.2026:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Leiar i gruppeleiautvalet, Frank Willy Djuvik, orienterte om brev fra ungdommens kommunestyre handsama i UKK 06.05.2026, der UKK ønskjer ei mentorordning for UKK i dei ulike hovudutvala. Brev vert sendt på e-post til gruppeleiarutvalet og admistrasjonen.

Høgre v/repr. Arlene Vågene kommenterte at det kan vere heftig for representantane frå UKK å delta i møtene, og spelte inn at ein kanskje kan hente inn utvalsleiarane til møte i UKK for å gje innspel om korleis ein jobbar i utvala.

Saka vert å drøfte politisk.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

GRLU- 007/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

008/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Behandling i Gruppeleiarutvalet 07.05.2026:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

GRLU- 008/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

009/26: Refererte skriv og meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Gruppeleiarutvalet 07.05.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedteke.

GRLU- 009/26 Vedtak:

Ingen refererte skriv og meldingar, ingen vedtak.

010/26: Endring av forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Gruppeleiarutvalet legg framlegg til endring i «Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn» ut på høyring i 3 veker.

Behandling i Gruppeleiarutvalet 07.05.2026:

Framlegg frå Raudt, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Til §4

Alle tap/utlegg etter § første ledd bokstav b skal dokumenterast og vert dekkja med inntil kr. 1600 pr. dag. Ved bruk av eigen bil må eigenerklæring om antall km gjevast opp i lag med kvitteringar for eventuelle ferje, bru- og bomstasjonar.

Til §5

Ny innleiing: For både pkt 1 og 2 i denne paragraf gjeld det at det skal ligge føre eit faktisk økonomisk tap.

1b (Tillegg):

Denne eigenerklæringa skal sannsynleggjere at tapet er reelt og ikkje blir kompensert på anna måte eller anna tid.

Når dagsatsen for denne gruppa vert utrekna skal inntekter som ikkje føreset at den folkevalde er på ein spesifikk arbeidsstad den gjeldande dag haldast utanfor. Døme på slik inntekt, men ikkje avgrensa til, er eksterne styrehonorar.

2 (Tillegg til andre setning)

... og som såleis har ført til tapet.

(Ny tredje setning):

Ferie er gyldig grunn til forfall og det vert difor ikkje kompensert for tap der lønnstakar nyttar feriedag til møte.

Fjerning av timeregel, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

§ 4 tredje ledd skal lyde:

“Tapte inntekt etter § 3 første ledd bokstav c vert dekket med inntil kr 6.000 per dag for dokumenterte tap og inntil kr 1.500 per dag for ikkje-dokumenterte tap.”

Røysting:

Framlegg til endring frå Raudt v/repr. Oldeide til §4, falt mot 2 røyster, Raudt v/Oldeide og AP v/Standal.

Framlegg til endring frå FrP v/repr. Djuvik, § 4 tredje ledd skal lyde, fjerning av timeregel, falt med 3 røyster, Frp v/Djuvik, Raudt v/Oldeide og Venstre v/Nødseth.

Framlegg til endring frå Raudt v/repr. Oldeide til § 5 Ny innleiing, falt mot 1 røyst, Raudt v/Oldeide.

Framlegg til endring frå Raudt v/repr. Oldeide til § 5 1 b (Tillegg), falt mot 1 røyst, Raudt v/Oldeide.

Framlegg til endring frå Raudt v/repr. Oldeide til § 5, 2 (Tillegg til andre setning), falt mot 2 røyster, Raudt v/Oldeide og AP v/Standal.

Framlegg til endring frå Raudt v/repr. Oldeide til § 5 (Ny tredje setning), falt mot 1 røyst, Raudt v/Oldeide.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt.

GRLU- 010/26 Vedtak:

Gruppeleiarutvalet legg framlegg til endring i «Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn» ut på høyring i 3 veker.